



Eirik Aakre Svensson  
Ture Nermans Vei 9  
5143 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2565 - 23/23749

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
30.10.2023

## 106/50 Tysso - Gjeld søknad om tiltak

Tiltak: Endring av bustadhus - fasade, våtrom, tekniske installasjonar og berekonstruksjonar  
Eigedom: Gbnr: 106/50  
Tiltakshavar: Eirik Aakre Svensson  
Ansvarleg søkjar: Erling Svensson

Kommunen syner til søknad motteken 29.08.2023.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon, jf. forskrift om byggesak § 5-4:

1. Søknad om dispensasjon for bygging av avkøyrsløse og parkering i strid med byggegrensa mot sjø.
2. Ansvarsrett for prosjektering og utføring av ny avkøyrsløse.
3. Profilteikningar av ny avkøyrsløse og parkering.
4. Grad av utnytting.
5. Teikningar eller foto av eksisterande fasade.
6. Planteikning av eksisterande kjellar.
7. Snitteikning som syner kjellar.
8. Kvittering som syner at eigar av gnr. 106 bnr. 10 er varsla om tiltaket.
9. Informasjon om eksisterande avlaupsanlegg: alder, type anlegg, situasjonskart med innteikna anlegg og utsleppstad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Eirik Aakre Svensson  
Erling Svensson

Ture Nermans Vei 9  
Osterøyvegen 2885

5143  
5283

FYLLINGSDALEN  
FOTLANDSVÅG